

Viral gastroenteritt

Analysemetode

PCR, RidaGene Viral Stool Panel 1, R-Biopharm AG

Reserveprosedyre: Norovirus: Xpert norovirus, Cepheid (Nyttast når hovudanalyse ikkje er tilgjengeleg, prøveresultat vert verifisert med hovudanalyse i etterkant).

Indikasjon

Mistanke om viral gastroenteritt årsaka av

- Adenovirus
Adenovirusinfeksjonar er særleg vanlege, spesielt hos små barn. Infeksjon skuldast normalt serotype 40 og 41. Symptom er diare, brekningar og feber. Gastroenteritt frå adenovirus varer normalt ca ei veke.
- Astrovirus
Astrovirusinfeksjonar er vanleg årsak til akutt gastroenteritt hos barn. Symptom er oppkast, feber og diare.
- Norovirus
Norovirusinfeksjonar er ei vanleg årsak til omgangssjuka og er særleg smittsame (dråpe-, fekal-oral). Inkubasjonstid er 12-48 timar. Symptom er diare, brekningar, magesmerter, muskelverk og feber. Gastroenteritt med norovirus varer normalt 1-2 døgn.
- Rotavirus
Rotavirusinfeksjonar er den vanlegaste årsaken til akutt gastroenteritt hos spedbarn og barn. Symptom er oppkast, feber og diare.

Prøvetaking

Feces utan tilsetjing, eller Fecal Transwab med Cary Blair.

Ved utbrot av gastroenteritt i helseinstitusjon bør det sendast prøve frå 5-6 pasientar/tilsette med symptom til virus-undersøking for å stadfeste om dette er årsak til utbrotet. Prøvene bør takast i løpet av dei 3 første sjukdomsdøgn.

Prøvetakingsutstyr


Fecesglas utan tilsetjing:



Prøvevolum

1 prøveskei.

Fecal Transwab med Cary Blair:



Prøvevolum

1 prøvebørste i Cary Blair medium.

Oppbevaring før transport

Kjøleskåp.

Haldbarheit

3 døgn. Eldre prøvar vurderast.

Vurdering i laboratoriet

Påviser DNA frå adenovirus og RNA frå astrovirus , norovirus og rotavirus.

Forventa analysetid

Analysen blir utført 2-5 gongar pr veke (sesongavhengig).

Feilkjelder

Prøven bør takast tidleg i sjukdomsforløpet for best sensitivitet på analysen.

Utførast av

Molekylærbiologisk fagområde

Fagområde

Virologi

Rekvisisjonsskjema

Skjema HF 1084

Skjema HF 1088

Medisinsk fagleg ansvarleg

Reidar Hjetland

Sist oppdatert

12.10.2018 Karina Astrup